

KONGEBOK: Tor Bommann-Larsens åttande og siste bok om kong Haakon og dronning Maud kjem til hausten. Eigentleg skulle han berre skrive eini biografi om eit kongepar. I staden vart det ein kritikarrost bokserie som forlaget kallar «det største biografiske verk som er utgitt på norsk nokon gong». (NPK)



mpøami

Dei har vakse opp med sosiale medium, og i eitt av danse-nummera som sikkert vil slå godt an spelar dei på dette.

- Sjå på Instagram-rumpa mi, syng dei.
- Elles lovar dei lokale vinklingar på fleire saker.
- Mykje er temabasert, som

asiabussar, kommunestyremøte, hallingradioen er med, det same er politireforma. Ein gamal kjenning enttrar også scena, seier revysjefen.

Og då blir det sikkert som dei syng i opningsnummeret:

- Mykje humor, det må til. Me er ikkje i tvil.

➤ **DANS:** Årets russerrevy har mykje song og dans. Her øver Helena Helling (t.v.), Nora Wilson, Torje Slåtto, Perrille Markussen, Sondre Sjong, Lea Brekke, Monique Haugstad og Tuva Eide på eit nummer som vil slå godt an.

➤ **FELLESNUMMER:** Denne veka skal endeleg Hallingrussen vise fram alt dei har øvd på siste månaden. Fredag kveld på øvde dei på eitt av fellesnummera saman med instruktør Maisen Fosse.



VITALITET: Dei moderne kunstnarane såg etter råskapen og vitaliteten i bygdekunsten. Raunsgarstugu på Hol bygdamuseum.

Måla i bygdeharmonii

Denne veka opnar ei spennande utstilling på museet i Drammen.

LISE SANDVIK
ls@hallingdalen.no

Livssyklusen i det gamle jordbruksamfunnet ligg som eit fundament under all kunstneme får sjå i utstillinga «Norsk modernisme og bygdenes dekkornmåling».

Utstillinga opnar i Drammens Museum torsdag 14. februar. Det moderne kunstnarane sakna i det overflattiske akademimåleriet, fann dei att i folkkekunstens råskap, i det direkte uttrykket for grunnleggjande menneskelege behov og lidenskap.


Bondekulturen

Nokre kunstnarar fann inspirasjon i afrikansk og oseanisk kunst. Andre fann kunstnarisk kraft via treskurd og rosemåling. I den nye utstillinga i Drammen får me sjå noko av det som inspirerte den norske kunsten. Spennet går frå Jakob Weidemann til Herbrand Sata. Kombinasjonen kan tilsynelatande vere sjølvmodtsigande, men heng også godt saman. Det er ein sterk harmoni.

Rosemålinga frå om lag 1750 til 1850 var sterk og omfattande i Hallingdal, Numedal og Telemark. Og ei rekke norske modernistiske målarar samla på dekorerte møblar og ljerald. Henrik Sørensen, Kai Fjell, Knut Rummohr, Olav Strømme og Jakob Weidemann omgav seg med rosemåling. Kvifor?

Vitaliteten

Rosemåla dekor har ein vitalitet og noko ekte over seg som dei moderne målarane



KAI FJELL: Målaren Kai Fjell hausta inspirasjon frå bygdekunsten.

jakta på. Krumme sveip, rokokkokartusjer, blommar som faldar seg ut frå penselens rytme. Florlette bladner var. Dette meiner fagfolk at inspirerte modernistane. I tillegg til Sørensen, Fjell, Rummohr, Strømme og Weidemann, er også Harald Kihle, Dyre Vaag, Jens Johannessen, Kjell Nupen og Mari Slaatehild representert i utstillinga. Det same er Nikolai Astrup, Harriet Backer, Gerhard Munthe og Dagfin Werenstkiold.

Fargeklangen, formene og ornamenta i bygdekunsten er i slekt med abstrakt og nonfigurativt måleri. Det er denne linken professor Øivind Storm Bjerke har jobba med. I over 20 år har han hatt interesse for denne tematikken.

I utstillinga ser me mellom anna rosemåling frå Herbrand Sata og hans søner, Nils og Embrik Bæra, samt Kirtill Rygg, i samspel med utsøkt moderne norsk målarkunst. Her blir og fotografi å sjå frå dekoren på Raunsgarstugu på Hol Bygdemuseum og Villandstugu på Hallingdal Museum og Torpostugu - som er på Friluftsmuseum på Drammens Museum. Utstillinga varer til 19. mai.